

Notat

Dato: 09.12.24
Saksbehandler: Olga Hilmo

Vi søker medlemmer til ekspertkomitear for Framandarts lista

Artsdatabanken søker dyktige og engasjerte ekspertar til å risikovurdere framande artar sin påverknad i naturen. Har du den nødvendige fagkunnskapen? Då oppmodar vi til å melde deg interessert innan 12. januar

Artsdatabanken søker no ekspertar til å vurdere den økologiske risikoen framande artene utgjer for naturmangfaldet. Arbeidet blir organisert i ekspertkomitear, der kvar komité får ansvar for å revidere éi eller fleire grupper av artar. Alle artar skal reviderast i perioden 2025 til 2029, men no søker vi berre ekspertar til dei komiteane som skal starta arbeidet i 2025. Det er komiteen for:

- fuglar
- flatormar og rundormar
- kromistar og soppar
- limniske invertebratar
- terrestriske invertebratar

Andre komitear, som til dømes komiteen for pattedyr, vil starte revisjonsarbeidet seinare. Det vil kome ei eiga utlysing for desse, sjå tabellen nedanfor for når dei ulike gruppene av artar skal reviderast.

Artsdatabanken inngår individuelle kontraktar med dei oppnemnde ekspertane i januar/februar 2025. Oppstart og slutt for arbeidet blir avtalt med dei respektive komiteane etter oppnemning. Arbeidet kan tidlegast starte i mai 2025 og vurderingane skal etter planen vere klare for innsyn våren 2026, med publisering i juni 2026.

1. Oppgåver i komiteen

Komiteén har som hovudoppgåve å revidere risikovurderingane i Framandartslista 2023.

Som leiar for komiteen får du ansvar for å organisere og fordele arbeidet i komiteén. Du har eit spesielt ansvar for handtere faglege spørsmål knytt til vurderingane, dele relevant informasjon med komitémedlemmene, og sørge for at innspel som kjem via offentleg innsyn, blir følgde opp. Alle medlemmene i komiteen har ansvar for å utføre arbeidet i tråd med kontrakten.

2. Krav til deg som ønskjer å sitje i ein eller fleire komitear

Vi ser etter deg som har:

- Kunnskap innan økologi, taksonomi og/eller utbreiing av framande artar.
- God kompetanse på ein eller fleire av dei følgjande artsgruppene: flatormar, fuglar, kromistar, limniske invertebratar, rundormar, soppar og terrestriske invertebratar.
- Kunnskap om korleis framande artar kan påverke naturmangfaldet.
- Erfaring med bruk av systemet Natur i Norge (NiN).

Du må òg:

- Vere leveringsdyktig med omsyn til kontraktsfristar.
- Ha gode evnar til å samarbeide.
- Kunne uttrykke deg godt skriftleg på norsk.
- Vere fagleg uavhengig. Det vil seie å representere relevante vitskapelege institusjonar eller institusjonar, og ikkje representere interesseorganisasjonar, næringsorganisasjonar, forvaltninga eller andre aktørar som kan medføre mogleg interessekonflikt.

Tidlegare erfaringar med risikovurdering for Framandartslista og kjennskap til Natur i Norge (NiN) tel positivt.

3. Eigen "kvote" for nyutdanna ekspertar

Artsdatabanken ønskjer å sikre at det i framtida finst tilstrekkeleg god kompetanse på risikovurdering av framande artar i Noreg. For å bidra til rekruttering til dette feltet har vi som mål at kvar ekspertkomité skal inkludere eit kvalifisert, yngre medlem med *nyutdanna* bakgrunn.

Med nyutdanna meiner vi personar som har fullført ein mastergrad innan dei siste seks åra. Denne posisjonen kan også vere relevant for PhD-studentar og personar i postdoktorstillingar.

Søkere til kvoten for nyutdanna ekspertar vil konkurrere berre med andre nyutdanna, og ikkje med meir erfarne søkere.

4. Slik melder du di interesse

Alle interesserte må sende inn ein CV og ein kortfatta tekst (om lag ei halv side) som informerer om:

- Relevant kompetanse for dette arbeidet
 - Kva artsgruppe(ar) du har best kompetanse på
 - Om du har erfaring med metoden vi bruker i risikovurderinga av framande artar.
 - Om du har erfaring med bruk av NiN (NiN brukast i risikovurderinga)
 - Kva type problemstillingar du har arbeidd med (til dømes taksonomi, økologi og populasjonsbiologi).
- Om du søker *ung kvote*
- Din timepris for 2025
- To referansar, der minst éin må vere utanfor eigen institusjon.

Send søknaden til postmottak@artsdatabanken.no innan 12. januar. Merk e-posten med saksnummer 2024/124.

Alle interesserte vert vurderte objektivt basert på nemnde krav. Oppnemninga blir gjort på grunnlag av ei samla vurdering som og inkluderer kjønns- og alderssamansetning i komitéane. Artsdatabanken oppnemner først komitéleiarar.

Alle som melder si interesse, vil få svar frå Artsdatabanken om resultatet av vurderinga.

5. Tidsplan for risikovurdering

Tidsplan for risikovurderinga er gitt i figuren under:

Grå celler i figuren viser perioden for revisjon av kvar artsgruppe; til dømes er hausten 2026 og våren 2027 avsett til revisjon av algar. Lys blå strek markerer innsyn, medan lilla strek viser publisering – algevurderingane vil vere til innsyn våren 2027 og publiserast etterpå. Eit oppnemnd ekspertpanel vil oppdatere vurderingane ved ny kunnskap mellom revisjonane, og desse oppdateringane blir publiserte kontinuerleg i perioden markert med gult. Tidsplanen kan justerast noko.

Artsgruppe	2025		2026		2027		2028		2029		
	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	
Alger											Fremmedartslista 2029
Amfibier og reptiler											
Fisker											
Fugler											
Karplanter											
Limniske <u>invertebrater</u>											
Marine <u>invertebrater</u>											
Moser											
Pattedyr											
Rund- og flatormer											
Sopper og <u>kromister</u>											
Terrestriske <u>invertebr.</u>											

Planlagt tidsplan for risikovurderingar. Perioden for artsgrupperevisjonar er markert med grå celler, innsyn og publisering er vist med lys blå og lilla strek. Vurderingane kan oppdaterast i perioden markert med gult. Illustrasjon: Artsdatabanken.